

Karmøy kommune

Pb. 167

4291 Kopervik

Dykkar ref.:

23/7777

Dato: 20.09.2023

Saksnr.: 2023/55598

Dok.nr.: 7

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

Karmøy kommune - gnr 119 bnr 558 - dispensasjon - ny septik med renseanlegg og utsleppsledning til sjø – fråsegn vedrørende kulturminne

Fylkesdirektøren viser til søknad om dispensasjon frå kommuneplanens føremål (LNF), jf. pbl. § 11-6, og frå byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen, jf. pbl. § 1-8. Tiltaket gjeld etablering av nytt septik reinseanlegg og utsleppsledning i sjø, på gnr 119 bnr 558 i Karmøy kommune.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern. Saka har også blitt oversendt til Stavanger maritime museum som har fagansvar for kulturminne i sjø (viser elles til e-post frå SMM datert 19.09.2023, som også er sendt til Karmøy kommune sitt sentralarkiv).

Vedrørende automatisk freda kulturminne på land

Ut frå vurderingar av kart og flyfoto og søk i kulturminnedatabasar, kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil komme i konflikt med automatisk freda kulturminne. Dette er kulturminne som er freda i medhald av Kulturminnelovens § 4. Vi har på den bakgrunn ingen merknader til tiltaket, utover at ein under opparbeidinga av området prøver å unngå inngrep i /skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Fylkesdirektøren vil også understreke at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringa av tiltaket straks bli melde til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndigheit har vurdert/nærare dokumentert funnet, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

Helsing
Leif Håvard L. Vikshåland
fagleiar

Angunn Skeiseid
spesialrådgjevar

Kopi til:
Statsforvaltaren i Rogaland



Rogaland
fylkeskommune

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.